



# Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen

## Årsmelding 2016

---



## Føreord

Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde vart oppretta i 1980.

I 2011 vart første Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen konstituert, etter at det vart opna for lokal forvaltning av dei store verneområda. Styret for 2012-2015 vart oppnemnd av Miljøverndepartementet, og Miljødirektoratet oppnemnde styret for 2016-19 ved brev 16.02.2016. Våren 2012 vart det tilsett to nasjonalparkforvaltarar, ein med kontor i Lom og ein i Luster. Nasjonalparkforvaltarane er sekretariatet for nasjonalparkstyret og står for «den daglege drifta».

Årsmeldinga gjev ei samla framstilling av nasjonalparkstyret sitt arbeid, tiltak og registreringar som er gjort i felt og generelt om bruken av områda og dei naturfaglege tilhøva og forvaltningsmessige utfordringar i Jotunheimen og Utladalen.

### *Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen*

Framsida: Styremøte og synfaring med DNT og Lom kommune på Glitterheim 7. september

Under: Nasjonalparkstyret på Sognefjellshytta 11.05.16. Frå venstre: Rigmor Solem – SNO, Sandra Opheim – Årdal, Ivar Kvalen – Luster, Bjarne Eiolf Holø – Lom, Leif Solemsli – Vang, Svein Blankenborg – Vågå, Øystein Andreassen – Oppland fylkeskommune, Magnus Snøtun og Kari Sveen – NP-forvaltarar



## Innhald

1. Verneområda – status .....	4
2. Aktørar i verneområda .....	4
Nasjonalparkstyret .....	4
Nasjonalparkforvaltarar .....	4
Naturopsynet.....	5
Andre sentrale myndigheiter .....	5
Brukarar .....	6
Sentrale dokument.....	6
3. Arbeid i nasjonalparkstyret 2016 .....	7
4. Aktivitet .....	9
Informasjon .....	9
Skjøtsel og vedlikehald .....	12
Jotunheimen Vest:.....	12
Jotunheimen Aust:.....	12
Arrangement i verneområda.....	12
Randsonearrangement.....	12
Vidare arbeid .....	13
Revisjon av forvaltningsplanen: .....	13
Besøksstrategi: .....	13
Kartleggingsarbeid:.....	13
Pilot for implementering av merkevaren Norges Nasjonalparker   Innfallsporten ved Sognefjellshytta og nye informasjonstavler langs Fv. 55 vil få høg prioritet. ....	13
5. Glimt frå 2016.....	14

## 1. Verneområda – status

Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde vart oppretta ved Kgl. res. 05.12.1980. Verneforskrifta set dei juridiske rammene for forvaltningsplanen. Forvaltningsplanen trekkjer opp retningslinjene for forvaltning av verneområda, og har delt nasjonalparken i ulike forvaltningssoner: Sone utan tilrettelegging og inngrep, brukssone og sone med spesiell tilrettelegging og inngrep. i ulike soner. Formålet med vernet er retningsgjevande for forvaltninga av områda.

Oppsynsarbeid, skjøtsel, rettleiing og informasjon skal fremje formålet med vernet.

Verneforskriftene for Jotunheimen og Utladalen vart i 2004 tekne opp til revisjon i samband med rullering av den første forvaltningsplanen frå 1998. Reviderte forskrifter vart godkjente 14.11.14.

## 2. Aktørar i verneområda

### Nasjonalparkstyret

Forvaltningsmyndigheita for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde vart overført frå Fylkesmannen til nasjonalparkstyret, ved brev av 04.11.10 frå Miljøverndepartementet. Nasjonalparkstyret består av ein representant frå kvar kommune og fylkeskommune med areal i verneområda. Funksjonsperioden for styret følgjer kommunestyre- og fylkestingsperioden.

Etter kommune- og fylkestingsval hausten 2015 vart nytt nasjonalparkstyre oppnemnd av Miljødirektoratet i brev datert 1. februar 2016, med ei korrigering i brev 16.02.16. Styret konstituerte seg i møte 24. februar 2016. Styret for perioden 2016-19 er:

<i>Rolle</i>	<i>Ordinært medlem</i>	<i>Varamedlem</i>	<i>Representerar</i>
<i>leiar</i>	Ivar Kvalen	Marit Tennø	<i>Luster kommune</i>
<i>nestleiar</i>	Iselin Jonassen	Svein Blankenborg	<i>Vågå kommune</i>
<i>styremedlem</i>	Bjarne Eiof Holø	Anne Lise Marstein	<i>Lom kommune</i>
<i>styremedlem</i>	Leif Solemsli	Kari Bø Wangensteen	<i>Vang kommune</i>
<i>styremedlem</i>	Sandra Opheim	Arild Ingar Lægreid	<i>Årdal kommune</i>
<i>styremedlem</i>	Aleksander Øren Heen	Senea Sabanovic	<i>Sogn og Fjordane fylkeskommune</i>
<i>styremedlem</i>	Aud Hove	Øystein Andreassen	<i>Oppland fylkeskommune</i>

Arkivfunksjonen til nasjonalparkstyret ligg hos Fylkesmannen i Oppland og postadressa er:

*Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen*

*Postboks 987*

*2604 Lillehammer*

*mail: [fmoppost@fylkesmannen.no](mailto:fmoppost@fylkesmannen.no)*

### Nasjonalparkforvaltarar

Sekretariatet består av to forvaltarar, og skal førebu saker for styret, drive informasjon og halde kontakt med brukarar av verneområda.

- Kari Sveen er tilsett som nasjonalparkforvaltar med kontorstad ved Nasjonalparkinformasjonssenteret ved Norsk Fjellmuseum i Lom. Kari har lang erfaring innan offentleg forvaltning på kommunalt, regionalt og statleg nivå.
- Magnus Snøtun er tilsett som nasjonalparkforvaltar med kontorstad ved Rådhuset i Luster i Gaupne. Magnus kom frå stillinga som nasjonalparkforvaltar i Breheimen og har erfaring frå både privat og offentleg sektor.

Nasjonalparkforvaltarane er tilsett administrativt hos Fylkesmannen i Oppland, men er underlagt nasjonalparkstyret i sitt arbeid. Fylkesmannen har ingen instruksjonsrett i forhold til nasjonalparkforvaltarane sitt arbeidet for nasjonalparkstyret, men kan nytte nasjonalparkforvaltarane til andre arbeidsoppgåver ved behov og i samråd med nasjonalparkstyret.

I 2016 var det relativt få oppdrag utanom eige arbeidsområde, anslagsvis ½ -1 månadsverk

- Kari Sveen har vikariert for nasjonalparkforvaltaren i Reinheimen ved behov. Verv som tillitsvald for Naturviterne på Miljøvernavdelinga medfører div. møte på Lillehammer.
- Magnus Snøtun har opplæring og fagleg rettleiing til andre nasjonalparkforvaltarar når det gjeld nettsider. Med bakgrunn og kontorstad i Sogn og Fjordane bidreg Magnus også i fagmiljøet her og har hjulpet til med einskildsaker (Naustdal-Gjengedal).

## Naturoppsynet

Naturoppsynet skal følgje opp miljølovgjevinga og vedtak fatta av nasjonalparkstyret og andre offentlege myndigheiter. I tillegg skal oppsynet informere, rettleie og gjennomføre tiltak og registreringar. Gjennom bestillingsdialogen kan forvaltninga konkretisere særskilde oppdrag.

Statens Naturoppsyn (SNO) er organisert som ein del av Miljødirektoratet, med den administrative staben i Trondheim og lokalkontor rundt om i heile landet. Rigmor Solem er tilsett i SNO med Jotunheimen og Utladalen som hovudområde. Kontorstad varierer mellom Vang og Utladalen, I tillegg har ein i Jotunheimen og Utladalen eit omfattande tenestekjøp, som omfattar både oppsyn og utføring av tiltak. SNO har inngått ein sentral avtale med Norges Fjellstyresamband om tenestekjøp over heile landet med lik timesats. For Jotunheimen og Utladalen blir det kjøpt oppsynstenester frå fjellstyra i Lom, Vågå, Årdal og Luster.

## Andre sentrale myndigheiter

Det er også andre myndigheiter som påverkar både bruk og tilrettelegging av verneområda. Kommunane Lom, Luster, Vågå, Årdal og Vang har areal innanfor verneområdet. Politisk er desse representert med kvart sitt medlem i nasjonalparkstyret. Kommunane har ansvar for arealforvaltninga, og god dialog er særleg viktig for innfallsportane og randsonene til verneområda. Kommunane har myndigheit etter plan- og bygningslova og motorferdsellova. Ofte må brukarar innhente løyve både frå verneforskrifta og generelt lovverk som plan- og bygningslova eller motorferdselslova. Administrativt kontaktutval vart oppretta i 2013, og utvalet skal bidra til best mogleg kommunikasjon mellom administrativt nivå for nasjonalparkforvaltninga og kommunane.

Fylkesmennene hadde forvaltningsmyndighet for verneområda fram til oppretting av nasjonalparkstyret. Miljøvernavingane har erfaring og fagkunnskap som nasjonalparkforvaltarane kan nytte i sitt arbeid, og forvaltarane deltek i fagsamlingar der dette er relevant.

Fylkesmennene har klagerett på vedtak som vart fatta av nasjonalparkstyret.

Fylkeskommunane er representert politisk i nasjonalparkstyret. I tillegg har fylkeskommunen myndighet etter kulturminnelova og fagkompetanse knytt til kulturminneskjøtsel og restaurering.

## Brukarar

I Jotunheimen og Utladalen finn vi nokre av dei mest kjende DNT-hyttene med tilhøyrande stinett i den norske fjellheimen. Kjende turmål som Galdhøpiggen, Besseggen og Vettisfossen dreg årleg tusenvis av besøkande.

I Jotunheimen og Utladalen vart det gjennomført brukarundersøkingar i både 1992, 2002 og 2010. Desse undersøkingane viser utviklinga over tid og synleggjer behov for tilpassingar.

Brukarane grunneigarar, bedrifter, privatpersonar, lag og organisasjonar som brukar verneområda for næring, forskning/kunnskapsformidling og rekreasjon. DNT Oslo og Omegn har omfattande aktivitet knytt til turisthyttene og stinettet. DNT-hyttene Glitterheim, Gjendebru og Skogadalsbøen og den private turisthytta Memurubu er større bedrifter innan verneområdet. I tillegg kjem ei rekkje større og mindre bedrifter ved innfallsportane og i randsonen, og det er fleire aktivitetsfirma/bedrifter som driv breføring og guiding. Andre brukarinteresser er beitebruk, jakt og fiske. Tamreinlaga i Lom og Vågå, Storådalen beitelag, Rusdalen Beitelag og Utladalen sameige har stor aktivitet innanfor verneområda. I tillegg har Stiftinga Avdal Gard, Vetti turiststasjon, Stiftinga Utladalen naturhus og ei rekkje grunneigarar ulik grad av aktivitet i verneområdet.

## Sentrale dokument

**Naturmangfaldlova** vart sett i kraft 01.juli 2009, og erstattar Naturvernlova frå 1970. Vedtak fatta etter Naturvernlova er framleis gjeldande, men naturmangfaldlova har sett ein del nye kriteria til saksbehandling (vurdering av miljørettslege prinsipp etter §§ 8-12) og generelle unntaksreglar i verneforskriftene er erstatta av §48 i naturmangfaldlova.

**Verneforskrifter** for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde revidert 14.11.14.

**Forvaltningsplan** for Jotunheimen og Utladalen vart vedteken i 1998. Parallelt med revisjon av verneforskriftene, var det arbeidd med revisjon av forvaltningsplanen. Godkjenning av forvaltningsplan måtte vente til etter at nye forskrifter var vedtekte, men utkast av 2008 har i ventetida vore brukt som eit rettleiande dokument for forvaltninga. Melding om oppstart av revisjon i medhald av dei nye verneforskriftene og nye føringar gjevne i naturmangfaldlova og overordna nasjonal politikk vart sendt ut ved brev av 02.09.2015. Det vart halde opne møte i kvar kommune i oktober 2015, og forvaltningsplanen har vore diskusjonstema på møte i fagleg rådgjevande utval både i 2015 og 2016.

I Jotunheimen og Utladalen er det utarbeidd **skjøtselsplan** for to område; Heimre Utladalen og Gjendebu-området. Skjøtselsplanen for Heimre Utladalen vart utarbeidd i 1998. I 2010 vart det gjort ny vurdering av skjøtselsbehovet av både eksisterande skjøtselslokalitetar og nye lokalitetar. Denne vurderinga omfatta heile Utladalen. Skjøtselsplanen for Gjendebu-området vart vedteken i 2004. I 2011 kom ei fagleg evaluering av utviklinga i tiltaksområdet, og vidare skjøtsel har fylgd tilrådingane frå Miljøfaglig Utredning.

Som første verneområde i landet, vedtok nasjonalparkstyret i 2012 ein **besøksstrategi**. Målsetjinga med strategien er å bidra til å gje dei besøkande ei betre oppleving, bidra til å auke verdiskapinga og samstundes ta vare på naturverdiane.

### 3. Arbeid i nasjonalparkstyret 2016

Nasjonalparkstyret består av representantar med sentrale politiske verv, og dei fem kommunane er representert ved ordførar eller varaordførar. Møta har derfor blitt lagt opp med ein del telefonmøte, særleg i vinterhalvåret med stengde fjellovergangar som medfører store reiseavstandar.

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen har hatt 6 møte i 2016, og behandla 54 (55\*) saker

1/16	24.02.2016	Telefon-/videomøte Vågå/Årdal
2/16	11.05.2016	Sognefjellshytta
3/16	21.06.2016	Telefonmøte
4/16	07.09.2016	Glitterheim, 2-dagars møte 7.-8. september
5/16	25.10.2016	Norsk Fjellsenter, Lom
6/16	05.12.2016	Telefonmøte

Arbeidsutvalet hadde 9 møte og behandla 17 saker. Møte i AU har vore telefon- eller e-postmøte.

1/16	16.03.2016	E-postbehandling
2/16	28.04.2016	E-postbehandling
3/16	20.05.2016	E-postbehandling
4/16	10.06.2016	Telefonmøte
5/16	01.07.2016	E-postbehandling
6/16	07.07.2016	E-postbehandling
7/16	14.07.2016	E-postbehandling
8/16	23.09.2016	Telefonmøte
9/16	21.11.2016	E-postbehandling

Forvaltarane har i medhald av delegert myndigheit gjort administrative vedtak i 4 saker.

Type saker	Tal saker 2012	Tal saker 2013	Tal saker 2014	Tal saker 2015	Tal saker 2016
<b>Adm./generelle vedtak (Styre/AU)</b>	16	21	26/3	27	25
<b>Vedtak om motorferdsel (Styre/AU/Adm.)</b>	18	22	8/1/4	14/5/4	15/10/3
<b>Vedtak om tilrettelegging (bygg, anlegg, stiar o.l.) (Styre/AU)</b>	8	6	11/2	11	9
<b>Vedtak om arrangement</b>	1	3	1	3	
<b>Generelle uttalar</b>	2	1		3	2
<b>Vedtak om plan og planarbeid</b>	3		3	2	
<b>Vedtak om økonomi</b>	4	3	2	2	2
<b>Klagebehandling</b>	1			0	
<b>Andre tiltak, t.d. drone,, plantesamling</b>	4		1	3 **	1/ 7/ 1
<b>Sum</b>	<b>57 stk.</b>	<b>56 stk.*</b>	<b>62 stk.</b>	<b>74 stk.</b>	<b>75 stk.*</b>

\* 1 sak trekt, tiltak likevel ikkje aktuelt

\*\* Pilot innfallsport

Også i 2016 har aktiviteten i vore prega av at Jotunheimen er eitt av fire pilotområde for utvikling av den nye merkevaren for Norges Nasjonalparker. Sognefjellshytta er lokalitet for tilrettelegginga.

## Økonomi

Kvar haust vert det søkt om tiltaksmidlar for det kommande året i verneområda (bestillingsdialogen). Også 2016 vart eit spesielt år, da det i samband med innføring av ny merkevare vart ei svært streng prioritering av alle andre saker enn etablering av pilot innfallsport som eit ledd i synleggjing av ny profil. Utfordrande geologi og behov for ekstern kompetanse og ekstra tiltak gjorde at opparbeiding av innfallsport/utkikkspunkt ikkje kom så langt som planlagt i 2016.

Tiltaksmidlar for 2016 (bestillingsdialogen)		Tildeling/ budsjett	Sum utgifter	Tillegg	Gjennomføring, merknader
<b>Skjøtsel</b>		<b>350000</b>			
	Skjøtsel Utladalen		300000		Utført, SNO
	Skjøtsel Guridalen		20000		Utført, SNO
	Skjøtsel Gjendebu		30000		Utført, SNO
<b>Stiarbeid</b>					
	Vedlikehald	100000	86291		
	Nye tiltak		70000	70000	Ny bru Gjertvasselvi
<b>Innfallsport, prosjektering(oppfølging)</b>					
	Pilot innfallsport Sognefjellet, prosjektering og oppfølging	380000	338899		
<b>Informasjon</b>		<b>220000</b>			
	Turapp	30000	30000		
	Barnas naturoppsyn	10000	6900		
	Nye informasjonstavler, div. tiltak	180000	231089		
<b>Diverse utgifter</b>			<b>3643</b>		
<b>Totalt rekneskap tiltaksmidlar eks. midlar forvalta av lokalt SNO</b>		<b>770000</b>	<b>766822</b>		
<b>Pilotoppdrag innfallsport</b>					
	Pilot innfallsport bygging	6,8 mill.	2752717		Vidareføring 2017

Drift		Budsjett	Rekneskap
Sekretariat	kontorhald, reiser, m.m. utanom løn	168.000	169.202
<b>Styret og utvala</b>		<b>350.000</b>	<b>278.435</b>
	Reise- og møtegodtgjersle nasjonalparkstyret		
<b>Ekstra adm.utgifter til pilot MA086</b>	Byggeleiar ekstern, pilotnettverksmøte, ekstra reiseverksemd, m.m.	200.000	190.920
<b>Forvaltningsplan</b>		<b>120.000</b>	<b>119.195</b>

## Ulovlege tiltak

1 tiltak som var meldt til politiet i 2016 vart henlagt. Det vart varsla minst to tilfelle av lågtflyging med jagarfly i Gjendeområdet seinsommaren 2016, men sidan saka vart henlagt veit ein ikkje om flya var under lågtflygingsgrensa på 300 meter. Vedtak om henleggelse vart påklaga, men klagen vart ikkje teken til følge, og saka er såleis ikkje etterforska..



## Andre utval

Fagleg rådgjevande utval, møte på Eidsbugarden 22.-23. august..

Administrativt kontaktutval og SNO deltok også i møtet. I tillegg kom to representantar frå vang kommune og orienterte om arealbruk og utfordringar i området. Parkering i Koldedalen er ei sak som har vore til vurdering fleire gonger, og det vart gjennomført ei synfaring der utvalet fekk orientering om saka.



## 4. Aktivitet

### Informasjon

Naturrettleiingsprosjektet i Jotunheimen vara frå 2009 t.o.m. 2014. I 2015 var det ei innstramming i økonomien til verneområda, og ein fekk ingen ressursar til engasjement av naturrettleiar. Det har vore sterkt ønskjeleg med ei fast stilling til den mest brukte nasjonalparken i landet, for å sikre fagleg kontinuitet og betre tilbod for tilreisande og lokale brukarar med vekt på barn/unge i lokalsamfunna.

SNO og nasjonalparkforvaltarane har delteke og informert på mange arrangement, møte, seminar og i felt. Oppsynet har lagt vekt på informasjon og rettleiing til brukarar av verneområda, skuleklassar og studentar. Vi har også ein del utanlands besøk. Ei gruppe frå Romania vitja Jotunheimen i april. I juni, september og oktober erfaringsutveksling om nasjonalparkforvaltning med Krkonose nasjonalpark i Tsjekia. 6 gjester frå Polen på studietur i Noreg i august. Dei utanlandske gjestene vitja både informasjonssentra på Norsk Fjellsenter og Utladalen Naturhus, i tillegg til synfaringar ute.

Oversikt deltaking kurs, konferansar og synfaringar 2016

Dato	Kurs, konferansar, studieturar - Tema	Magnus Snøtun	Kari Sveen	Styremedlemer, andre
16.03	Kursdag Skredvarslinga NVE	x		
30.-31. mars	Oppsynssamling, Gjendebru	x	x	SNO og fjelloppsyn
4.-5. april	Kompetansedagar Nasjonalparkstyra – Sogndal	x		Ivar Kvalen, Sandra Opheim, Marit Aakre Tennø
12.-13. april	Kompetansedagar Nasjonalparkstyra – Lom Kari Sveen – hovudansvar for organisering		x	Iselin Jonassen, Bjarne E. Holø, Leif Solemsli, Kari Bø Wangenstein, Svein Blankenborg, Aud Hove, Rigmor Solem
26.04.	Opplæring - nettløsning – formidling til reiselivsbedrifter		x	NP-forvaltarane, Marit Vorkinn
30.-31. mai	Fagsamling Nærøyfjorden med forvaltarane i Sogn og Fjordane	X	x	

5.-9. juni	Studietur til Skottland – NP-forvaltarar og M-avd.	X	x	
25.06	Synfaring Vettismorki/Vettisfossen	x		
28.06.	Synfaring Knutshø og møte Besseggen Fjellpark		X	SNO, Rigmor Solem – utført punktmerking
4.juli	Synfaring gjetarbu ved Russvatnet		x	Lom Tamreinlag
5.juli	Synfaring Sognefjellet, tilpassing av gangvegtrase	X	x	Råmund Mundhjeld
05.-06. aug	Synfaring Hestbekken kraftverk og Knutshø	x		
10.08	Synfaring Leirvassbu - Gjertvasselvi	x		Rigmor Solem
14.08.-21.08.	EØS-prosjekt Wigry NP - studietur Polen i tråd med samarbeidsavtale	x	x	Rigmor Solem og 3 lokale repr. frå Lom/Vågå
8.-9. sept	Fagsamling nasjonalparkforvaltarane i Oppland, Grimsdalen	x	x	
14. 09	Synfaring naust Sognefjellet	x		
1.-2. nov.	Embetsstur - Kulturdag og VP-oppstart 2017		x	
18.-22. okt.	Europarc 2016 i Sveits			Iselin Jonassen, Ivar Kvalen (for Jostedalsbreen)
7.-8. nov.	Nasjonalparkkonferansen 2016, Miljødirektoratet	x	x	Bjarne E. Holø, styremedlem

#### Informasjonsoppdrag, fordrag, representasjon arrangement

Dato	Tema	Repr.
18. april	Asociatia Biounivers - studiebesøk frå Romania – orientering om Jotunheimen og norsk nasjonalparkforvaltning, Norsk fjellsenter Lom	KSV
26. mai	Utedagsundervisning med friluftslivstudantar frå HISF	MSN
14. juni	Undervisning Barnas Naturoppsyn Farnes skule – tema jerv	MSN, SNO
26. juni	Fjellfestivalen DNT – Guiding botanikkvandring ved Gjende	KSV
26. juni	Deltaking på 25 års jubileum Stiftinga Avdal Gard	MSN
15.07.	Besøk frå Krkonose nasjonalpark i Tsjekkkia.- Oppsynspersonell - Mottak på Norsk Fjellsenter, med orientering om Jotunheimen nasjonalpark	KSV
1.-5. august	Omvising og synfaring Jotunheimen, EØS-prosjekt Wigry nasjonal park med 6 deltakarar frå Polen på studiereise i tråd med samarbeidsavtale	KSV MSN (3/8)
29.08.	Kommunikasjonsenheten Miljødirektoratet – omvising og orientering om pilot innfallsport Sognefjelet	KSV
04.09.	Besøk frå Krkonose nasjonalpark i Tsjekkkia.- Direktør og administrativt personell Mottak på Norsk Fjellsenter, med orientering om Jotunheimen	KSV
5.-7. sept.	Pilotnettverk – samling i Lom, synfaring Juvflye og Sognefjellet	KSV , MSN
15.09.	Besøk av Lyngsalpan verneområdestyre og forvaltar	KSV og forvaltar Reinheimen
19.09.	Informasjon om Jotunheimen og pilot merkevare på Gjendesheim, for leiargruppa hos Fylkesmannen	KSV
06.okt.	Barnas Naturoppsyn ved Utladalen naturhus – tema jerv	MSN, SNO
18.-21.	Foredrag Høgfjellskonferansen 2016 i Krkonose - kombinert med	KSV, MSN

okt.	studietur – Krkonose nasjonalpark, Tsjekkia	
1.-2.nov	Workshop Søgne - Foredrag besøksforvaltning	MSN
8.nov	Innlegg erfaring pilot merkevare, Nasjonalparkkonferansen 2016	MSN

#### Møte med eksterne partar

(utanom styremøte, AU, adm.k.utv., fagleg rådgj., interne arb.møte forvaltarane og SNO)

Dato	Tema		Andre frå forvaltninga
21.01.	Nasjonale Turistveger, Kontaktmøte ang. tilrettelegging Sognefjellet og Gjende/Valdresflye	KSV	Reidar Dahl - Miljødirektoratet
06.02.	Møte Jotunheimen Reiseliv v/ dagleg leiar	KSV	
09.02.	Kontaktmøte Miljødirektoratet og Nasjonale Turistveger, ang. tilrettelegging for <i>Norges Nasjonalparker</i> langs turistvegstrekingane	KSV	Olav Nord-Varhaug, Reidar Dahl, Jan Andresen, Werner Harstad
10.02, 23.02, 19.04., 12.09.	Arbeidsmøte pilotnettverk Besøksforvaltning, Lyncmøte eller i Trondheim	KSV, MSN	Miljødirektoratet
07.04	Lom kommune, planavklaring byggesak gangbru	KSV	
14.04	Skilting i Lom – kundereise Norges nasjonalparker	KSV	Informasjonssenter, Nasjonalparklandsby-koordinator, nasjonalpark-kommunene
19.-20. mai	Forhandlingsmøte bygging av pilot innfallsport, med 3 forhandlingspartar 19/5 og 2 firma 20/5	KSV,	Nordplan, 5 tilbydarar Miljødirektoratet v/ Reidar Dahl
02.06.	Evalueringsmøte anbudskonkurranse	KSV	Nordplan, Reidar Dahl
03.06	Sluttmøte vedr. valg av leverandør til utbygging av etappe 1 og 2 Innfallsport Sognefjellet	KSV	Adm.avd. Fylkesmannen
30.06., 14.07., 10.08. 13.09.	Byggemøte og arbeidsmøte innfallsport Sognefjellshytta – Sognefjellet - varierende deltaking frå møte til møte	KSV	Nordplan, Dronninga Landskap, DIFK Kosche, Stryvo, Ottadalen Anlegg, NGI, Sognefjellshytta
9. august	Anbudsbefaring etappe 3 - Sognefjellet	KSV	Ottadalen Anlegg
10. august	Møte ang redningsaksjonar ved Besseggen	KSV, MSN	Vågå RKH, Politiet, Iselin Jonassen
30.08., 20.09., 11.10	Arbeidsmøte Innfallsport, Vågå	KSV	Nordplan, Stryvo
11.10.	Kontraktsmøte etappe 3	KSV	Nordplan, Ottadalen Anlegg
22.11.	Nasjonale Turistveger, Kontaktmøte ang. tilrettelegging ved Gjende/Valdresflye	KSV	Grete Kongshaug og Silja Nymoen - NT
24.11.	Møte Visus og Live Sulheim angående design nye informasjonstavler etter ny merkevare	KSV	

## Skjøtsel og vedlikehald

Kvart år vert det utført skjøtseltiltak som tilrettelegging, rydding og ettersyn/vedlikehald av tidlegare utførte tilretteleggingstiltak og grenseskilt og informasjonstavler. Ansvarleg utførar er Statens naturoppsyn, og mange av tiltaka vert utført ved tenestekjøp frå fjellstyra og lokale aktørar.

### Jotunheimen Vest:

Stiftinga Utladalen Naturhus koordinerer skjøtsels- og informasjonsarbeidet i Heimre Utladalen. Skjøtselstiltak i Utladalen er som tidlegare vidareført med bakgrunn i utarbeidd skjøtselsplan. I tillegg til slått vert ein del av den inngjerda kulturmarka beita av sau og geit. Nytt i 2015 var å ta inn storfe (Vestlandsk storfe) til å beite slåttemark for å redusere behovet for slått. Vidareført i 2016.

### Jotunheimen Aust:

Skjøtsel av den gamle kulturmarka i Gjendebuområdet baserer seg på skjøtselsplanen frå 2001, og med justering i tråd med evaluering av status og tiltak gjennomført av Miljøfagleg Utredning i 2011. Evalueringa konkluderer med at tiltaka som har vore gjennomført med avstandsregulering av bjørk og rydding av skog/kratt har hatt ein positiv effekt på landskapet og saman med beiting verka positivt på det biologisk mangfaldet. Rapporten tilrår at slått vert teke opp att, for å fremje artar som kan gå attende ved for sterkt beitetrykk (marinøklar). Ikkje slåttehelg i 2016. Lagt opp til slått annakvart år.

## Arrangement i verneområda

- Telemarkskirenn "Galdhøpiggenet" ved Spiterstulen, 02.04.16 med 225 deltakarar
- Nasjonalparkfestivalen «Under Storen», Utladalen 18.-22. mai
- Til Topps – integreringsprosjekt i regi av Integrerings- og Mangfaldsdirektoratet (IMDI); KS, DNT og Norges Røde Kors, i samarbeid med lokalt Røde Kors og lokale bedrifter – 10-årsjubileum i 2016. Nesten 1600 deltakarar var påmelde til arrangementet 3.-4. juni, med tur på Galdhøpiggen som hovudattraksjon. Det vart også arrangert kortare turar som høver for alle.
- Gjendebufestivalen 16.-19. juni 2016
- Besseggløpet vart arrangert den 25. juni med 89 startande i konkurranseklassa og 47 i mosjonsklassa, i alt 136 deltakarar. Dvs. ein markant oppgang frå 2015, da det var 84 startande.
- Motbakkeløpet "Fonaråken Opp" den 06. august hadde vel 222 deltakarar, av dei 82 i konkurranseklassa.

Oppsynet har ikkje registrert uheldige tilhøve i samband med desse arrangementet.

## Randsonearrangement

- High Camp, Turtagrø
- Vinjerock ved Eidsbugarden/Fondsbu
- Fjellfilmfestival Gjendesheim
- Fjellfestival ved Gjende

## Vidare arbeid

### Revisjon av forvaltningsplanen:

Det var ein omfattande prosess med revisjon av den gamle planen frå 1998 i perioden 2004 – 2008 . I samråd med Miljødirektoratet kom ein fram til at revisjonsarbeidet måtte starte på nytt pga dei mange endringane som har kome til i behandlingstida fram til dei nye verneforskriftene vart vedtekne av Kongen i Statsråd 14.11.14.

Ny oppstartmelding for revisjonsarbeidet vart sendt ut ved brev av 02.09.15. Det er lagt opp ein stram framdriftsplan med slutføring i 2017. Det er sterkt ønskeleg å få framdrift i arbeidet for å få revidert forvaltningsplanen i tråd med nye forskrifter og gjeldande forvaltningsordning.

### Besøksstrategi:

Jotunheimen og Utladalen har som første verneområde i landet, vedteke ein besøksstrategi for området. Oppfølging og konkretisering av denne planen er eit viktig arbeid vidare for styret, og vil vera ein del av forvaltningsplanarbeidet.

### Kartleggingsarbeid:

Nye verneområde har ein omfattande prosess med kartlegging og systematisering av verneverdiane i området som er planlagt verna. Jotunheimen og Utladalen er relativt gamle verneområde som ikkje har vore gjennom ein slik systematisk prosess. Samtidig er det eit auka fokus på å sette konkrete målsettingar for utviklinga i verneområda (bestandsmål). Auka fokus på kartleggingsarbeid i åra framover vil vere avgjerande for å få til ei målstyrt forvaltning fram i tid.

Rapport med sårbarheitsvurdering for rovfugl i Aust-Jotunheimen kom i 2015, og vil bli supplert med tilsvarande dokument for Vest-Jotunheimen med oppstart 2016 og slutføring i 2017. Det er i 2016 utført arbeid med samanstilling av eksisterande kunnskap om villreinen i Vest-Jotunheimen, og supplement til grunnrapporten kjem i 2017.

### Pilot for implementering av merkevaren Norges Nasjonalparker

Innfallsporten ved Sognefjellshytta og nye informasjonstavler langs Fv. 55 vil få høg prioritet. Dette er ein del av merkevarebygging til Miljødirektoratet, der Jotunheimen er ein av fire pilotar.

## 5. Glimt frå 2016



Pga svært mykje snø på Sognefjellet i 2015 kom ein ikkje i gang med pilot innfallsport det året. Også i 2016 oppstod forseinkingar som følgje av krav til ny geologvurdering frå bruingeniøren og påfølgjande arbeid med injisering av betong for å tette bergsprekker og sikre god forankring av brua. Biletet viser bygging av stillas september 2016.



Barnas Naturoppsyn – samling i Utladalen oktober 2016



Skilttekst - Knutshø:

**Advarsel! Ingen snarveg,  
følg fjellryggen**

**Warning! No shortcut,  
follow the ridge**

Merking av stig over Knutshø på utsett strekning



Nytt prosjekt for bedre informasjon om turen over Besseggen for å hindre unødige redningsaksjonar er sett i gang. Samarbeid med Vågå Røde Kors Hjelpekorps og næringsdrivande ved Gjende.



Representantar frå Wigry National Park på studietur i samband med eit polsk EØS-prosjekt. Her ved Gjende.



Magnus Snøtun på talarstolen under høgfjellskonferansen i Krkonose nasjonalpark, Tsjekkia